



15 MAI 2014

MALTHUS A/S v/Ronny Landaas
Litlåsveien 53

5132 NYBORG

Vår ref
13/1421-16

Etat/ avd.
TE

Saksbeh
GUN

Ark.
GBNR 54/5

Dykkar ref.

Dato
13.05.2014

IGANGSETJINGSLØYVE - GNR 54 BNR 5 VOSS JORDBRUKSSKULE

Saksnr D FPL 227/14

Søknad om igangsetjingsløyve er motteken her 11.04.14

Gjeld:

**Riving, nybygg og plassering av
mellombels bygg**

Byggestad:

Voss jordbruksskule

Eigedom:

54/5

Tiltakshavar:

Hordaland Fylkeskommune

	Fagområde og tiltaksklasse	Føretak	Org.nr
ANSVSØKER:		MALTHUS A/S v/Ronny Landaas	985 729 220
ANSVPRO:	<i>Trefundament og montering Tilt.kl. 2</i>	MALTHUS A/S v/Ronny Landaas	985 729 220
ANSVUTF:	<i>Trefundament og montering Tilt.kl. 2</i>	MALTHUS A/S v/Ronny Landaas	985 729 220
ANSVPRO:	<i>Luftbehandling, tilt.kl. 2</i>	Bygg og Ventilasjon AS	933 384 527
ANSVUTF:	<i>Luftbehandling, tilt.kl. 2</i>	Bygg og Ventilasjon AS	933 384 527
ANSVUTF:	<i>Sanitærinstallasjonar, tilt.kl.2</i>	Voss Varmer og Bad	989 319 418

1. Søknaden gjeld

Det vart gitt rammeløyve for riving av rubbhall, drivhus, grindbygg og stall. Oppføring av reidskapslager med p-plass, garderobe/verkstadbygg, stall og mellombels skule 30.12.13, sak D FPL 822/13.

Det vert no søkt om igangsetjingsløyve for mellombels skule.

2. Vurdering av søknad:

Ansvarleg søkjar i saka er endra til Malthus AS. Vi gjer merksam på at det vert uoversiktleg nå ansvarleg søkjar vert endra fleire gangar i løpet av saka, og minner om

at ansvarleg søker har ansvar for heile sakskomplekset, inkludert at vilkår i tidlegare gitte løyve vert fulgt opp. Vi ber derfor om at tiltakshavar, saman med ansvarleg søker, vurderer organiseringa av dette innan neste igangsetting.

Skulen er plassert i aktsemdområde for flom, med bærelag på kote 75,8. Ut i frå at tiltakshavar er kjend med dette, og at det gjeld eit mellombels bygg, vert plasseringa godkjend på tiltakshavars risiko.

Det er søkt Arbeidstilsynet om samtykke, men denne saka er ikkje ferdighandsama. Vi gjer merksam på at evt. vilkår frå Arbeidstilsynet skal etterkomast, og at bygget ikkje kan takast i bruk før samtykke føreligg.

Plan- og bygningsmynde legg til grunn at ansvarleg søker vidareformidlar aktuelle krav til utførande føretak. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vera tilstades på byggeplassen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Vi minner om at det ikkje må utførast arbeid utover det som er omfatta av igangsetjingsløyvet.

Vedtak:

Ein viser til saksutgreiinga:

I medhald av § 20-1 plan- og bygningslova vert det gjeve igangsetjingsløyve for mellombels skule på gnr/bnr. 54/5 i samsvar med søknad med følgjande atterhald og merknader:

1. Plassering skal skje i høve til godkjent situasjonsplan. Det er tillate maksimalt avvik i plassering; horisontalt: 0.30m, vertikalt: 0.50m.
2. Tiltaket må ha samtykke frå Arbeidstilsynet før vi kan gje bruksløyve.
3. Dersom de skal inn på det kommunale VA-nettet må ansvarleg føretak søkja kommunen om løyve til tilkopling. Dersom de berre skal vidarekople frå eksisterande private stikkledningar, er ikkje dette naudsynt.
4. Det skal installerast vassmålar. Ansvarleg føretak skal søkja kommunen om installasjon av vassmålar på fastsett skjema. Bruksløyve/ferdigattest vert ikkje gjeve før melding om montert vassmålar er godkjend av driftsavdelinga.
5. Avfall skal handterast forsvarleg. Dokumentasjon på avfallshandtering og at restavfall er levert godkjent mottak skal leggjast fram på førespurnad.
6. Når byggearbeidet er ferdig og naudsynt sluttdokumentasjon føreligg skal det søkjast om mellombels bruksløyve, jf. § 21-10 i plan- og bygningslova.
7. Det skal betalast byggesaksgebyr på kr. 3.279,-. Gebyrkrav vert ettersendt.
8. Arbeidet skal utførast etter plan- og bygningslova med underliggjande regelverk.

Er ikkje arbeidet igangsett seinast 3 år etter at søknad er sendt kommunen fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet vert innstilt for lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.

Kommunen kan når som helst, og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt, gjennomføre tilsyn, jf. pbl § 25-2.

*Vedtaket kan påklagast, jf. plan og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 28.
Eventuell klage må framsetjast skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at melding om vedtak er motteken, jf. forvaltningslova § 29.*

Med helsing



Stefan Karlstrøm
fagleiar byggesak

Kopi til: Bystøl AS, Tomtebu, 9893 VIK I SOGN
Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Møtebok for utvalet